

Til:

Vindafjord kommune,
Utval for drift, utvikling og kultur (DUK), Vindafjord

Kopi:

Statsforvaltaren i Rogaland,
Rogaland fylkeskommune,
Advokatfirmaet Responsa AS

Vikebygd, 09.04.24

Klage på «Endra løyve til tiltak, fase 1 – Dommersnes industriområde», vedtaksnr. 035/24

Vedtak me klagar på:

For det første:

Me opprettheld vår klage på opphavelig Løyve til tiltak, datert 30.11.23, ref. **vedlegg 1**.

For det andre:

Det vert med dette klaga på vedtaket om endra Løyve til tiltak, fase 1 – Dommersnes industriområde, ref. **vedlegg 2**.

Grunn til klage:

Me referer til innhaldet i vår tidlegare klage datert 30.11.23 samt brev frå Statsforvaltaren i Rogaland til Vindafjord kommune datert 18.01.2024, ref. **vedlegg 3**.

Vår klage på det endra løyvet til tiltak tek utgangspunkt i denne uttalen frå Statsforvaltaren i Rogaland, ref. **vedlegg 3**:

«Me vil likevel understreke at det er uheldig å setja i gang arbeid på eit område som vil bli inkludert i en reguleringsplan det er varsla oppstart på. Me rår kommunen å venta til reguleringsplanen er vedtatt med å gi løyve til utbygging av tomten.»

Denne formuleringa er heilt i tråd med utgangspunktet for vår opphavelige klage, ref. **vedlegg 1**.

Vindafjord kommune godkjente Dommersnes AS sin dispensasjonssøknad for fase 1 samstundes som det blei varsla oppstart av reguleringsplan for fase 1, 2 og 3. Planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing bl.a. for tema naturmangfald, støy og landskap.

Det er fleire registreringar av naturmangfald i området både på land og i sjø, bl.a. gyteområde. I Ålfjorden er det eit rikt fugleliv og Temakart Rogaland har vist registreringar med sensitive artsdata for havørn, kongeørn, fiskeørn, hønsehauk og hubro i området. (*temakart-rogaland.no*).

Kommunen har gitt løyve til oppstart av anleggsarbeid utan at ein har kartlagt, utgreidd eller gjort ein heilskapleg vurdering av påverknad og konsekvens for naturmangfald og samfunn/trafikktryggleik. Tiltaket vil som Statsforvaltaren påpeiker, ha stor påverknad på naturmangfald, og ved å sprenga ut og planera eit 54 dekar stort industriområde, vil natur, planter, fisk-, fugl - og dyreliv bli skadelidande. Det er svært kritikkverdig at kommunen gir løyve til eit så omfattande tiltak før ein får gjennomført ein registrering av kva som finst i området. Tiltaket kan også påverka naturmangfald i dei

nærleggjande områda, og dermed redusera moglegheita for å gjennomføra ei fullverdig kartlegging av naturmangfald i influensområdet.

Landskapsopplevinga vil bli sterkt påverka og landskapsverdien vil bli vesentleg forringa. Utbygginga vil medføra store og skjemmande inngrep, og tiltaket vil vera synleg både på nær og fjern avstand. Utbygginga vil medføra store ulemper i forhold til støy, - luft, - og lysforureining, både i anleggsperioden og driftsperioden. Tiltaket vil gi stor risiko for luft- og støyplage.

Når det gjeld trafikktryggleik, vil fase 1 i seg sjølv nødvendigvis medføra auka trafikk på ein fylkesveg som ikkje er dimensjonert for dette. Fylkesvegen er også skuleveg for ein god del ungar i bygda.

I Plan- og bygningslovas § 1-1, fyrste til fjerde ledd, går det fram at føremålet med lova er at:

«Loven skal fremme bærekraftig utvikling for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.»

Dette inneber at kommunen skal sørgja for at tiltak skal vere i samsvar med lov, forskrift og planvedtak, og det er ein føresetnad at ein gjennom slik handheving av føresegner i Plan- og bygningslova syter for at føremålet med lova kan realiserast.

I Plan- og bygningslova § 12-1, andre ledd, går det fram at:

«kommunen skal sørge for at det blir utarbeidet reguleringsplan for de områder i kommunen hvor dette følger av loven eller av kommuneplanens arealdel, samt der det ellers er behov for å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak [...]» (andre ledd).

I tredje ledd går det vidare fram at:

«For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan» (tredje ledd).

Lova gir kommunar moglegheit til å dispensera frå lovføresegner og planar, men intensjonen er at dispensasjonar er øyremerkte tilfelle kor det er tale om mindre tiltak der avviket frå lov eller plan ikkje er omstridd eller kontroversielt, og kor planending blir sett på som eit lite hensiktsmessig alternativ. (Holth & Winge. *Dispensasjon etter plan- og bygningsloven. En analyse av mulige lovendringer. FOU-rapport for KS, Juni 2023. side 4*).

Foreininga Bevar Ålfjordens Perle meiner Vindafjord kommune sitt vedtak om dispensasjon til oppstart av anleggsarbeid på Dommersnes er ugyldig fordi vedtaket er i strid med formålet i plan- og bygningslova. Tiltaket er eit større bygge- og anleggstiltak som kan få vesentlege verknadar for miljø- og samfunn inkludert trafikktryggleik, og dei ulike klima- og miljøtema må kartleggjast og greiast ut i

ei konsekvensutgreiing i samband med pågåande reguleringsplan.

I tillegg til at det for fase 1 manglar konsekvensutgreiing av påverknad på miljø- og samfunn, manglar det konsekvensutgreiing av påverknad på den smale, dårlege og allereie tungt belasta fylkesvegen mellom Isvik og Vikebygd.

Ein vil i samband med dette elles påpeike at krav til konsekvensutgreiing er utpensla i Forskrift om konsekvensutgreiing, kor det i forskriftas § 10 fjerde ledd, jf. § 8, går fram at det i vurderinga av om planen kan få vesentlege verknader blant anna skal sjå til «*samlede virkningar til plan eller tiltak og andre eksisterende, godkjente eller planlagte planer eller tiltak*». Dette har ei klår side til det som i saka er omtalt som fase 2 og 3, kor det kjem tydeleg fram at det er eit plankrav og at planforslaget må innehalde ei konsekvensutgreiing. Ein kan ikkje sjå kravet til konsekvensutgreiing isolert, men i samanheng med den større utbygginga av områda, altså dei kumulative effektane av tiltaket over fasane 1-3.

Det er ikkje tvil om at intensjonen til Vindafjord kommune/Dommersnes AS er å "tjuvstarta" på bygging av gigantindustri på Dommersnes før fase 2 og 3 er konsekvensutgreidd og ny reguleringsplan er vedtatt. Me meiner dette er grunnleggjande feil framgangsmåte då det er tydeleg og klart at fase 1 er første steg på veg mot realisering av totalprosjektet (fase 1-3). Reguleringsplanen for området, som er planlagt å komma opp til avgjerd i 2025, vil dekke heile området, fasane 1-3.

Som grundigare grunngjeving for vår klage, viser me til støtteskrivet frå Advokatfirmaet Responsa AS for vår klage, ref. **vedlegg 4**, datert 12.01.2024, kor konklusjonane er som følgjer:

- Kommunen sitt løyve til tiltak datert 15.11.2023 byggjer ikkje på tilstrekkeleg plangrunnlag.
- Det er plankrav for tiltaket etter pbl. § 12-1 tredje ledd og gjeldande reguleringsplan frå 1980 ivaretar ikkje dei omsyn og interesser som plan- og bygningslova sine reglar er meint å ivareta.
- Ved å gi løyve til tiltaket med grunnlag i ein reguleringsplan som er nærare 45 år gammal, set kommunen til side grunnleggjande omsyn, og formålet med lova blir direkte skadelidande.
- Kommunen sitt løyve til tiltaket må av den grunn bli ansett som ugyldig.

I mellomtida registrerer me at utbyggingsselskapet Dommersnes AS har fått Harris Advokatfirma AS til å gi eit tilsvar datert 7. februar 2024 til vårt støtteskriv frå Responsa AS, sjå **vedlegg 5**.

Tilsvaret konkluderer med at «det er vår klare oppfatning at kommunen sitt vedtak er gyldig. Det er heller ikkje grunnlag for å gjere om vedtaket til avslag.»

Me vil innan kort tid få Advokatfirmaet Responsa AS til å gi tilsvar til tilsvaret frå Harris Advokatfirma AS. Me anmodar om at kommande tilsvar til tilsvaret frå Harris Advokatfirma blir tatt med i vidare handsaming av saka.

Oppropet vårt viser stor lokal motstand:

Sidan fase 1 er første steg på vegen mot det store prosjektet (fasane 1-3), er det relevant å visa til oppropet vårt [Bevar Ålfjordens perle - Opprop.net](#) mot det store prosjektet.

Pr. no er det 772 signaturar mot det store prosjektet, der 203 av desse er frå fastbuande i bygda (utgjer halvparten av alle over 16 år i bygda), 248 er hyttebuande i bygda (i praksis alle hyttebuande i bygda), og 105 signaturar er frå sveiosida av Ålfjorden.

Dette viser at det er stor lokal motstand mot prosjektet, noko som understrekar at saka fortener skikkeleg konsekvensutgreiing allereie før eventuell første fase, før i det heile noko salve blir fyrst av.

Endringar me krev:

- Me krev at kommunen gjer om dispensasjonsvedtaket til avslag for planering av eit areal på om lag 54 daa på Dommersnes industriområde.
- Me krev ei heilskapleg handsaming og konsekvensutgreiing av alle byggefasane 1-3 slik Statsforvaltaren i Rogaland tilrår og Fylkesdirektøren i Rogaland også har tilrådd.
- Me krev utsett iverksetting av løyvet til tiltak (fase 1) til vår klage er avgjort av uavhengig instans.
- Me krev å få ei uavhengig handsaming av Settestatsforvaltar dersom Statsforvaltaren i Rogaland trekkjer sin klage basert på avbøtande tiltak skildra i «Endra løyve til tiltak, fase 1 – Dommersnes industriområde», vedlegg 2.

Vedlegg:

1. Vår klage datert 30.11.23, «Klage på Løyve til tiltak - gnr 332 bnr 38, 61, 74 - Dommersnes industriområde».
2. «Endra løyve til tiltak, fase 1 – Dommersnes industriområde», Dok.nr. 23/1944-28, Vindafjord kommune, 15.03.24.
3. «Tilbakemelding etter dialogmøte om Dommersnes», brev frå Statsforvaltaren i Rogaland til Vindafjord kommune, dok.nr. 2023/10409, 18.01.2024.
4. «Dommersnes industriområde – Støtteskriv til klage», Vår ref. 11987, Advokatfirmaet Responsa AS v/advokat Sturla Vik-Vestly, 12.01.2024.
5. «SVAR TIL STØTTESKRIV TIL KLAGE FRÅ ADVOKATFIRMAET RESPONSA – SØKNAD OM TILTAK PÅ GNR 332 BNR 38, 61 OG 74 – DOMMERSNES INDUSTRIOMRÅDE», brev frå Harris Advokatfirma AS til Vindafjord kommune, 07.02.2024.

Helsing,

Foreininga Bevar Ålfjordens Perle (Org.nr. 932 851 679)



Jon Magne Svendsbøe
styreleiar

Bevar Ålfjordens Perle
www.alfjordensperle.no

@alfjordensperle på:
[Facebook](#) / [YouTube](#) / [Opprop](#)